

KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



God jol og godt nytt år!



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITSEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteidgata 13, 3850 Kviteid
www.kviteid.sokn.no



Kyrkjeverje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Sokneprest
Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteid@
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@
kyrkjetrappa.no



Organist
Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar (vikar)**
Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærer og
kyrkjelydssekretær**
Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: «Maria med barnet», utsnitt av
bilettev laga og gjeven til Vrådal kyrkje av
Anne Kråkenes (1912-1992), foto:
Herdis N. Jørgensen
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS 2

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteid)

ANDAKT

Ikkje Gud til filosofane – men Gud som er nær!

Den kjende naturvitskapsmannen og kristne filosofen Pascal skriv i dagboka si om ei hending som fekk mykje å seie for han.

I nådens år 1654.

*Måndag den 23. november, den heilage
pave og martyr Clemens og andre
martyrars fest ...*

*Frå omtrent halv elleve om kvelden til
omtrent ein halv time etter midnatt.
Abrahams Gud, Isaks Gud, Jakobs
Gud.*

*Ikkje Gud til filosofane og dei lærde.
Visse! Visse! Kjensle, glede, fred.
Jesu Kristi Gud.*

Din Gud er min Gud (Rut 1,16)

Kva var det Pascal oppdaga? Han oppdaga den store forskjellen det er på ein gud som berre er inne i hovudet til menneske, og på Abrahams, Isaks og Jakobs Gud som kjem inn i verda vår. Jolenatt kjem Gud så nær at vi kan sjå han, ta på han, høyre stemma hans, ja, sjå korleis Gud er. Vi såg ein sårbar Gud, overlata i menneska sine hender og omsorg. Jola er det sterkaste teiknet på at vi ikkje trur på ein gud som berre er inne i hovuda til filosofane og dei lærde. «Ordet vart menneske, og vi såg hans herlegdom», skriv Johannes.

Det var også ei anna viktig oppdaging Pascal gjorde. Det stoppar ikkje med at Gud kjem nær, det handlar også om ein relasjon mellom Gud og oss. «Din Gud er



min Gud.» Gud blei menneske for å nå heilt inn til oss. Gjennom dåpen og trua på Jesus blir dette røyndom.

«Alle som tok imot han, dei gav han rett til bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» (Joh 1)

Då Pascal døydde, fann dei ein lapp sydd inn i frakken hans. Her hadde han sydd inn det som var aller viktigast i livet. På den lappen stod ikkje dei viktigaste formlane han hadde oppdaga, men orda han hadde skrive ned etter hendinga.

*Abrahams Gud, Isaks Gud, Jakobs Gud.
Ikkje Gud til filosofane og dei lærde.
Visse! Visse! Kjensle, glede, fred.
Jesu Kristi Gud.*

Signa jol!

*Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark*

Kva betyr Kvitsund for elevane og bygda?

Kvitsund Gymnas har gjeve vidaregåande opplæring sidan 1974 her i kommunen. Det er Norsk Luthersk Misjonssamand (NLM) som eig og driv skulen etter friskulelova. Skulen har nye internat og plass til to parallellar på kvart årstrinn.



F.v.: Ellen Bentsen, Edgar Gamst Kristoffersen, Andrea Lid, Andreas Loland

Kyrkjebladet for Kviteseid sokn har tatt kontakt med skule og elevane og samtalt om Kvitsund Gymnas sin plass i bygda og korleis det er å vere elev her. Dette året er elevtalet 135, og det er 40 tilsette i personalstaben.

Korleis vurderer rektor situasjonen i dag?

Rektor Edgar Gamst Kristoffersen er glad for at Kvitsund er komen gjennom koronatida på ein god måte, og at situasjonen er stabil for den vidaregåande skulen. Han seier: - Eg synest me har veldig fine ungdommar på Kvitsund. Framleis har me elevane frå heile landet, samt frå Kviteseid og omland. Det er veldig kjekt.

Personalgruppa både i undervisning og praktiske tenester er ein solid gjeng i sin beste alder. Me ønskjer i åra som kjem å vere ein skule som ligg langt framme i undervisning og internatliv med elevane frå nord til sør.

- Eg opplever at Kvitsund-teamet jobbar godt i lag, og at me dreg i same retning. Når det gjeld elevtilgang, så har ein dei siste åra merka litt fall i elevtalet, men i inneverande år har me fleire elevane enn i fjor. Me håpar på ein jamn auke i tida som kjem.

Kva betyr Kvitsund for bygda?

- Fornøgde elevane og foreldre har vore og vil alltid vere våre beste promotørar, seier rektor Edgar. - Difor betyr det mykje at Kvitsund Gymnas er ein god og ettertrakta skule. Me gler oss over alle frå Kviteseid som har valt Kvitsund som vidaregåande skule. Å vere lokalt forankra betyr mykje for oss, sjølv om me er ein skule med elevane frå heile landet. Dessutan er Kvitsund ein viktig arbeidsplass i kommunen vår. Og når mange av lærarane representerer unge familiar, fører det òg til at barnetalet aukar tydeleg i Kviteseid-skulen.



Fem fornøgde elevane som blir Kvitsund-russ våren 2022. F.v.: Katrine Hestehagen Nordlien, Åshild Haugeland, Sofie Engeland, Bjørn Einar Sundet, Sajad Askari

- I tillegg må nemnast at gymnaset også vil vere ein tydeleg kristen skule vidare. Me ser framover med optimisme, trur at Kvitsund vil vere ein vidaregåande skule der me legg vekt på god fagleg standard med høg trivselsfaktor; med hjarte for alle elevane og auga for den enkelte.

Kva tenkjer husmor Ellen Bentsen om tilsyn og omsorg for gymnaselevane?

- Eg går blant elevane våre, og plar seie - at eg har verdens beste jobb, og at alle elevane er våre elevane. Det er slik om du er bygdeelev (bygdis) eller internatelev. Difor har me den ordning at alle bur og et gratis to veker på Kvitsund Gymnas ved oppstart. Då blir me godt kjende. Bygdelevane er elles velkomne til å vere med på alt som skjer på skulen.

Ellen Bentsen fortel vidare: - Dei fleste elevane skal ha Kvitsund som sin heim i tre år. Difor brukar eg mykje tid på kvar dei skal bu – og saman med kven. Me ønskjer at internatlivet skal vere både trygt og lærerikt. Eg fylgjer opp sjuke elevane og har mange samtalar. Elles har eg ansvar for to flotte miljøarbeidarar, og me er ein del av eit miljøteam som

planlegg og gjennomfører mykje av det som skjer utanom skuletida.

- Dessutan er me så heldige at me har eit sosialpedagogisk team for skulen, som eg er ein del av. Der er også gode folk frå helsetenesta i bygda med. Foreldrekontakt er òg viktig sjølv om dei unge flyt ut av heimen. Det skjer mykje mellom 16-19 år. Kvitsund kan kanskje følast som ei 'boble' av og til. Men då må me òg nemne at ein del 'bygdisar' og fleire i personalet bur i Kviteseid. Til gjensidig glede er også Godhetsveka i mai månad. Då er mange kvitsundelevar hjelparar rundt i bygdemiljøet.

I samtale om skule og internatliv har me også fått kontakt med to Kvitsund-elevane: Andrea Lid frå Kviteseid og Andreas Loland frå Flekkerøya. Ho går i VG2 og han i VG1.

Korleis er det å bu heime i Kviteseid og gå på skule på Kvitsund?

- Heilt sidan eg var lita, har eg høyrte mykje positivt om Kvitsund, begynner Andrea Lid. - Dette er frå mine eldre sysken, som alle har vore elevane på gymnaset, men også gjennom andre som har røynsle frå skulen. No har eg gått her i eitt og halvt år og trivst meir for kvar dag som går. Det er ein fin balanse mellom skuledag og sosiale aktivitetar. I tillegg er det mange dyktige lærarar, som er genuint interessert i skulefaga.

- Sidan eg kjem frå Kviteseid, bur eg heime og er ein såkalla «bygdis». Eg trivst med å kunne trekkje meg litt tilbake, og bruke tid saman med familien min; samtidig



Elevar som gler seg på sandvolleyball-banen på Kvitsund.

F.v.: Gina Høie, Sigrid Lindheim, Pernille Hovda Dobbe, Lise Galteland, Patrick Simmersholm, Elise Kippenes, Maria Noreng Tho, Sander Bisschop, Martin Bo Johansen

som eg ofte er på Kvitsund for å dyrke det sosiale livet der. For meg er dette ein vinn-vinn situasjon, då eg framleis har venninner utafør skulen. Denne busituasjonen er naturleg for meg framover.

- På Kvitsund har bygdelevane ei eiga fløystoge, der me kan opphalde oss etter hehov. Dei fleste vél likevel å vere saman med klassekamaratene sine på dei forskjellige internata. Eg undrar meg over at så få elevar frå Kviteseid ønskjer å gå på Kvitsund, når skulen ligg i nærområdet. I tillegg gjev skulen særskild god undervisning og bra resultat.

Til slutt nemner Andrea litt om miljøet:
- Det verkar som mange synest det kristne miljøet er skremmande. Då seier eg:
- Det er fint å vere kristen på Kvitsund, men det er like fint å ikkje vere det. Skulen gjev uttrykk for at alle er like velkomne. Blanding av ulike typar ungdom frå heile landet, ulike etnisitetar og ulike religionar gjev eit godt og allsidig miljø.

Korleis er det å flytte heimanfrå til ein internatskule?

Me stiller spørsmålet til Andras Loland, som kjem frå Flekkerøya på Sørlandet. - Då eg skulle flytte heimanfrå, verka det litt skummelt. Men no føler eg det som ei positiv forandring. Både sosialt og praktisk. Eg har fått mange nye vener og lært nyttige ting som å vaske klede, halde orden på rom og ta vare på meg sjølv.

-Største problemet med å kome heim er nok reiseforholda til Sørlandet. Sjølv om avstanden ikkje er så stor, skaper kommunikasjon og reisetider med buss og tog tydelege vanskar, nemner Andreas. Med tanke på undervisningssituasjonen har eg opplevd ei bra utvikling. Lærarane gjer ein fantastisk jobb og skaper stor interesse. Alle kan vere seg sjølve utan å vere redde. Det er med på å skape eit nært og trygt miljø, sluttar Andreas Loland.

Av Olav Mosdøl

Min engel

t.: Olav Mosdøl

m.: Hege Bålsrød

1. Min engel kom ned frå him - len med nat-ta sitt mju-ke slør og heng-de si ljo - se kap - pe så stil - le ved svev - nens dør. Når him-me-len kys - ser jor - da blir fjel - la kvi-te av snø, og mørk-ret blir fylt av to - nar som spe-lar bort sorg og død. Mjukt rø-rer då ven - gen mitt hjar - ta på veg-en mot Bet - le - hem. Mjukt rø - rer då ven - gen mitt hjar - ta på veg - en mot Bet - le - hem.

2. Min engel strauk trøytt panne og gøymde mi tunge sorg i kappa si kvite lomme på veg over livsens torg. Når himmelen plantar stjerner i einsemdas djupe kav då syner min engel barnet som kjem over land og hav. Mjukt rører då vengen mitt hjarta på vegen mot Betlehem. Mjukt rører då vengen mitt hjarta på vegen mot Betlehem.

1. Min engel kom ned frå himlen med natta sitt mjuke slør og hengde si ljose kappe så stille ved svevnens dør.

2. Min engel strauk trøytt panne og gøymde mi tunge sorg i kappa si kvite lomme på veg over livsens torg.

Når himmelen kysser jorda blir fjella kvite av snø og mørkret blir fylt av tonar som spelar bort sorg og død.

Når himmelen plantar stjerner i einsemdas djupe kav då syner min engel barnet som kjem over land og hav.

Mjukt rører då vengen mitt hjarta på vegen mot Betlehem.

Mjukt rører då vengen mitt hjarta på vegen mot Betlehem.

Etterlysning: Kor er altarduken?


Altarduken på fotografiet, brodert og gjeven av Hjerdis Røsholm, var i bruk i Vrådalen kyrkje i tidsromet 1963 – 2009. I samband med at altaret vart bytt ut med altaret frå kyrkja på Roholt, vart det behov for ein ny, tilpassa altarduk. Gunnvor Mandt og Hanne Roholdt tok oppgåva, dei vov og sydde ein ny duk som vart teken i bruk i 2009.

Dessverre vart denne nye duken øydelagt av mus i fjor, og må reparerast. Medan dette blir gjort, må den forrige brukast. Men kor er duken? Han er ikkje å finne i Vrådalen kyrkje eller på kyrkje-kontoret. Dersom nokon har opplysningar, kan dei gjevast kyrkje-kontoret, 35068131.



På tur med konfirmantane

29.-30. Oktober hadde konfirmantane overnattingstur på Lønnegraff i Vrådalen, saman med sokneprest og trusopplærar. På fredagskvelden vart det uteleik og grilling, før me trakk inn i varmen. Seinare på kvelden vart det ein runde med spørsmål om den kristne tru frå konfirmantane, som sokneprest og trusopplærar svarta på etter beste evne. Trusopplæraren delte også si trushistorie for konfirmantane. Det vart tid til noko meir leik og moro før me hadde felles kveldsbøn.



På laurdag gjennomførte konfirmantane ein konkurranse med øvingar i teambuilding. Konfirmantane fekk prøve seg både på skyting med luftgevær, pil og boge, menneskepyramide, edderkoppnett, å leie i blinde og ein bibelquiz. Øvingane vart løyst med godt samarbeid og med stor vinnarvilje. Konfirmantane laga sjølv pizza gruppevis til lunsj.

Etter lunsj hadde me bibelsamling med utdeling av biblar til konfirmantane,

høgtlesing frå Markusevangeliet, opplæring i bibelbruk og samtale omkring bibeltekstar.

På ettermiddagen gjekk turen til husdyrhallen på Dyrsku'plassen i Seljord. Her vart det arrangera «kickoff» for konfirmantar frå heile Øvre Telemark. Ønsket og Elsket står for dette arrangementet som er ei markering av oppstarten på konfirmanttida med diverse aktiviteter som vart avslutta med eit skumparty konfirmantane neppe vil gløyme.

Etter ei fin helg ser trusopplærar og sokneprest fram til mange gode samlingar med konfirmantane i året som kjem.

Knut Ove, trusopplærar

Jolegåve 2021

Her kan du få vere med å gi ei gåve. Kva betyr mest for deg og dine:

- Blomehelsing på runde dagar til dei eldste i kommunen?
- Eldretreff nesten kvar månad, adventssamling og song?
- Fest for Lundenjordet, strikking på KOS?
- Mat på andaktar på Midtsundtoppen?
- Biblar til konfirmantar og brudepar?
- Konfirmantsamlingar, ungdomsklubb og speidar?
- 'Tårnagentar' og 'Lys vaken', arrangement for unge?
- Dåpsgåver, 4-års bok og 5-års kalender?
- KYRKJEBLADET?

Send valfritt beløp til bankkonto

2660.45.14648, eller **Vipps til nr 3850**,

kategori 5.

Merk innbetalinga med 'JOLEGÅVE'.

Ynskjer du skattefrådrag på denne og andre gåver til kyrkja, så skriv det i meldingsfeltet.

Støtt gjerne arbeidet med ei gåve på vipps nr. 3850 eller til bankkonto:

Kvittering		
Innbetalt til konto	Beløp	Betalersens kontonummer
2660.45.14648		
Betalingssinformasjon		
GIRO		
Underskrift ved girering		
Betalt av		
Betalt til		
Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid		
Kroner	Øre	Til konto
	< >	2660.45.14648



Plass til fleire!



Dirigent Liv Solveig Liodden Sørbø, foto: Olav Holm



Her syng barnegospel på gudsteneste i Vrådøl, foto: Øyvind Jørgensen

I Kviteseid Barnegospel kan ein vere med frå hausten i det året ein fyller fem, og ut fjerde klasse. No er det 18-19 born som er med på øvingane. Det er ei dobling frå i fjor, men det er plass til fleire. Samlingane er på Misjonshuset annankvar torsdag mellom kl. 17 og 18, og det er gratis å vere med.

Det er oppvarming og sangøving den fyrste halvtimen. Deretter er det andakt, kjeks og frukt, leik, og så Fader vår til slutt. Dei fleste sangoppdraga er i kyrkjene og på Misjonshuset, men koret syng også andre stader. No er jolekonserten i kyrkja ei stor oppleving for borna og for heile bygda.

Dirigent er Liv Solveig Liodden Sørbø, og organist Olav Holm er pianist. I tillegg er to Kvitsund-elevar med som

hjelpeleiarar. Det hender òg at foreldre er med borna sine.

Liv Solveig kom til Kviteseid for seks år sidan og bur på Kvitsund med mann og to born. Ho har sjølv vore elev ved Kvitsund, og har teke bibelskule og sjukepleiarutdanning. Oppveksten hadde ho i Nesbyen i Hallingdal. «Mamma gjekk rundt i bygda og samla ungene til sundagsskule, som ho dreiv heime. Så eg har eit fint forbilde der.»

Liv Solveig voks òg opp med mykje song og musikk. Korleis er det å leie Kviteseid barnegospel? «Då eg vart spurt om å leie, tenkte eg at dette kan ikkje eg, men så fekk eg oppmuntring og sa ja. Det har vore ei stor velsigning for meg, og det er moro at så mange born vil vere med.»



BARNAS SIDE

Finne 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

Finne fem feil

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!
Desse oppgåvene er henta frå bladet.
Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00.



Jolehelsing frå Liv Wendel i Nepal



To nybakte mødrer varmar seg i sola utanfor sosialkontoret

Når det er jol, synest eg alltid det er ekstra spesielt å vere jordmor. Å tenkje på Maria, tenåringsjenta, som fødte i ein stall. Eg ser for meg at det i tillegg til Josef må ha vore eit par englar der, som ikke bare song og jubla, men som passa på Maria og Jesus, at alt gjekk bra med den unge mora og den nyfødte guten. Det er utruleg, at Jesus “flytta inn i menneska sine grannelag” på den måten. Det er han vi prøver å fylgje.

Etter lang ventetid i Noreg fekk eg klarsignal til å reise til Nepal i april. Like etter at eg landa, blei landet hardt ramma av ei ny covid-bylgje, og eg stranda i hovudstaden Kathmandu i 10 veker, før eg endeleg kom meg til Okhaldhunga. Her er eg som utsending for Normisjon, og jobbar på eit lite sjukehus som vert drive av United Mission to Nepal. Rolla

mi liknar det ei fagjordmor gjer i Noreg; bidra til at ein har gode rutinar og nok kunnskap og praktisk dugleik, slik at det kan vere ein trygg stad å føde og å bli født, og ein god stad å jobbe. Sjukehuset driv også ein sjukepleiarskule der eg etter kvart skal bidra med undervisning når studentane kjem til jordmorfag. Skulen er framleis ganske ny; dei fyrste kullingane byrjar på tredje og siste året om omtrent ein månad.

Det er fint å vere her. Og det er også mykje å lære og finne ut av, og bli heime i. Men Jesus var også eit nyfødt barn ein gong.

Ynskjer GOD JOL til alle dykk i kyrkja heime i Kviteseid!

Helsing Liv

Dette gler vi oss over!

Gapahuken på Vassåkeren ved Kyrkjehammaren er ferdig. Den vart offisielt opna 1. sundag i advent, 28. november. Kostnaden i kroner har blitt om lag 140.000. Stønad og gåver har kome opp i 73.000 kr, og 500 dugnadstimar er lagt ned av friviljuge. Tusen takk for innsatsen!

Fjågesund kyrkje er sett i fin stand igjen etter forsøket på påtenning på valdagen 12. september. Første gudsteneste etter dette var 14. november. Skadane var stort sett reingjering og litt reparasjon av golvet. Det kosta forsikrings-selskapet 300.000 kr. Kyrkja sin eigenandel var 50.000 kr.

Brunkeberg kyrkje har no fått 2 nye flaggstenger i glassfiber til erstatning for gamle stenger av tre.

Vrådal kyrkjegard har fått fin innramming med nytt gjerde og nye portar mot sør. Lengst mot aust har vi ikkje hatt portar tidlegare. Dette er etter forskriftene og er med på å halde dyr borte frå blomane.

Kilen kapell er ikkje gløymt. Den har fått ein rundvask og vil vere klar for måling til våren.



Kviteseid kyrkje har fått på plass igjen dei benkane som var tatt ut i koronatida, og har fått litt betre plass mellom benkeradene. Dette er oppnådd ved å ta ut ein benk. Lysgloben har skifta side.

Konsertane er tilbake: hyllest til Hans Nilsen Hauge 1. okt., helgemessekonsert 7. nov., gratiskonsert ved hornmusikken 14. nov., storfint besøk av Sigmund Groven, Iver Kleive og Anne Vada 18. nov., adventssamling for eldre i kyrka 8. des. med besøk av Gunnstein Draugedalen, og den tradisjonelle adventskonserten med alle kor i bygda, den 12. des.

Kyrkjelydsbasaren 26. og 27. nov. gav godt resultat til trusopplæringsarbeidet og misjonsprosjekta våre i Nepal og i Etiopia. Takk til alle frivillige som hjalp til, og til alle som støtta basaren.



Multimediaframstilling av Markusevangeliet



På ettermiddagen laurdag **22. januar** ventar ei spesiell oppleving i Kviteseid kyrkje. Me vil få sjå og høyre Markusevangeliet framført av fiolinisten, fotografen og historieforteljaren Christian Stejskal.

Livets gang

Døypte

Kviteseid:
Julie Velle
André Stensrud Flatland
Mariell Lie
Viktor Amanuel Salmelid Emdal

Døde

Brunkeberg:
Gunnar Eilevstjønn

Kviteseid:
Jørgen Grave
Tore Inge Kolbu Tollnes
Gunnar Helge Traskjær

Christian Stejskal (f. 1977) er utdanna fiolinist og har arbeidd ved ulike orkester i Noreg og andre land. I perioden 2010-2016 arbeidde han fram førestillinga «Mitt nabolag», der han med bilete, ord og tonar fortalde om «Zabaleerene» som bur i søppelbyen i utkanten av Kairo og som tek hand om byens søppel. Denne førestillinga fekk ei rekke prisar og blei framført ein rekke stader i Noreg, Skottland og Egypt.

No har Stejskal reist på kryss og tvers i Midtausten og fotografert 90 motiv frå det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt. Desse sort-kvitt-fotografia illustrerer kvar si forteljing/likning i Stejskal si utanåframføring av Markusevangeliet. Det heile vert bunde saman med korte innslag av eigenkomponert musikk spelt på fiolin. Kombinasjonen av desse tre media er uvanleg, men dei utfyller og forsterkar kvarandre. Det blir garantert ei oppleving ein ikkje vil gløyme så lett.

Førestillinga vert arrangert av Kviteseid sokn. Det er gratis inngang, men det vert høve til å gje ei gåve til dekning av utgifter i samband med arrangementet.

Dåp – konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde på til dåp, konfirmasjon og vigsel: www.kviteseid.sokn.no

OPPSLAGSTAVLA

Føremiddagstreff

26. januar, 23. februar, 23. mars, 27. april
Treffa er på Misjonshuset kl. 11.00

Felleskyrkjeleg arbeid

Felles familiemøte 23. januar kl. 16.00 på Misjonshuset
Felles møtehelg 11.-13. mars, talar: Egil Svartdal – plakat og annonse kjem

Misjonshuset Kviteseid Normisjon

Desember

19. kl. 17.00 – Julemøte

Januar

9. kl. 11.00 – 0-100, Livar Veggeland
11. kl. 19.00 – Tysdagsmøte
16. kl. 17.00 – 0-100, Anne Margrethe Lund
18. kl. 19.00 – Tysdagsmøte, Møyfrid Lunde
23. kl. 16.00 – Felles familiemøte
25. kl. 19.00 – Tysdagsmøte
30. kl. 11.00 – 0-100, Anette Fredly

Februar

6. kl. 17.00 – 0-100, Bjørn Olav Bakken
8. kl. 19.00 – Bibeltime, Øyvind Jørgensen
13. kl. 11.00 – 0-100, Ruth Draugedal
15. kl. 19.00 – Bibeltime, Øyvind Jørgensen
22. kl. 19.00 – Tysdagsmøte
27. kl. 17.00 – 0-100, Gunnar Salmelid
29. kl. 19.00 – Open bibel v/Olav Mosdøl

Mars

6. kl. 17.00 – 0-100, Kristian Espeland
8. kl. 19.00 – Tysdagsmøte
– 11.-13. Fellesmøte
15. kl. 19.00 – Tysdagsmøte, John Olav Selstø
20. kl. 17.00 – 0-100, Rolf Inge Johansen
22. kl. 19.00 – Tysdagsmøte, Dag Erik Asdahl
27. kl. 11.00 – 0-100, Jens Iver Jensen
29. kl. 19.00 – Tysdagsmøte, Ole Audun Os

April

3. kl. 17.00 – 0-100, Ole Audun Os
5. kl. 19.00 – Tysdagsmøte, Martha Irene Eriksrød
10. kl. 11.00 – 0-100, Olaf Alsaker

Besøksteneste

Ynskjer du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

Ønsker du skyss til gudstjeneste?

Ring kyrkjevevjerje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31
Eller Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364

Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på kirken.no/minside.

Tidlegare gjaldt dette berre for føresette som sjølv var medlem, men no er tilbodet ope for alle føresette.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

Gudstenesteliste: med atterhald om endringar

DESEMBER

Sun 19. 4. søndag i advent

– Matt 1,18-25

Kilen kapell kl. 16.00, Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydens trusopplæring

Fre 24. Joleftan – Luk 2,1-20

Fjågesund kyrkje 12.45

Møyfrid Lunde

Vrådal kyrkje 14.30

Asgeir Sele

Brunkeberg kyrkje 15.00

Møyfrid Lunde

Kviteseid kyrkje 16.15

Møyfrid Lunde

Ofr. Kirkens Nødhjelp

Laur 25. Joledag – Joh 1,1-14

Kviteseid kyrkje 11.00

Vrådal kyrkje 13.30

Møyfrid Lunde

Ofr. Det norske misjonsselskap

Fre 31. Nyttårseftan

– Matt 11,25-30

Kviteseid kyrkje 23.15

JANUAR

Sun 2. lekmannsgudsteneste? Sjø annonse

Sun 9. 2. søndag i open berringstida – Joh 1,29-34

Vrådal kyrkje 11.00 Diakoniens dag

Eilev Erikstein og Møyfrid Lunde

Ofr. Dei fire diakonistitusjonane

Sun 16. 3. søndag i open berringstida – Joh 1,15-18

Kviteseid kyrkje 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

Sun 23.01. 4. søndag i open berringstida

– Luk 13,10-17

Brunkeberg kyrkje 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Sun 30. 5. søndag i open berringstida

Inga gudsteneste

FEBRUAR

Sun 6. 6. søndag i open berringstida

– Mark 13,21-27

Kviteseid kyrkje 11.00,

familiegudsteneste

Møyfrid Lunde

Ofr. Tro og medier

Sun 13. Sámannssundag

– Matt 13,24-30

Brunkeberg kyrkje 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Det norske bibelselskap

Sun 20. Kristi forklåringsdag

Inga gudsteneste

Sun 27. Fastelavnsundag

– Luk 18,31-34

Vrådal kyrkje 11.00,

familiegudsteneste

Utdeling av dåpsgåver, Møyfrid Lunde

Ofr. IKO

MARS

Sun 6. 1. søndag i fastetida

– Matt 26,36-45

Kviteseid kyrkje 11.00,

familiegudsteneste

Møyfrid Lunde

Ofr. Institutt for sjelesorg

Sun 13. 2. søndag i fastetida

– Luk 13,22-30

Brunkeberg kyrkje 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Sun 20.

lekmannsgudsteneste?

Sjø annonse

Sun 27. Maria bodskapsdag

– Luk 1,39-45

Vrådal kyrkje 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Den norske Israelsmisjon

APRIL

Sun 3. 4. søndag i fastetida

– Joh 6,24-36

Kviteseid kyrkje 11.00,

familiegudsteneste

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydens trusopplæring

Sun 10. palmesundag

Inga gudsteneste

Tor 14. Skjærtorsdag

– Joh 13,1-17

Kviteseid kyrkje 18.00

Fre 15. Langfredag

– Joh 18,1-19,42

Brunkeberg kyrkje 11.00

Sun 17. Påskedag

– Joh 20,1-10

Kviteseid kyrkje 11.00

Vrådal kyrkje 11.00

Mån 18. 2. Påskedag

– Joh 20,11-18

Fjågesund kyrkje 11.00